



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Vidar Simmenes 5557 2118

Vår dato
14.08.2013
Dykkar dato
08.05.2013

Vår referanse
2013/7011 008
Dykkar referanse
13/2699

Justis- og beredskapsdepartement
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale til NOU 2013:5 - " Når det virkelig gjelder "

Utgreiinga er innhaldsrik og omhandlar nye som tidlegare idear om samfunnet sin beredskap frå krig til vår tid med prioritert vektlegging på fredsberedskap/innsats.

Utgreiinga har fleire konkrete tilrådingar som kan utløysa nye utgreiingar med lov- og forskriftsendringar.

Dagens fokus på fredshendingar og nivået på grunnberedskapen (naudetatane) til større hendingar der Staten med sine forsterkningsressursar (Heimevernet og Sivilforsvaret) vert mobilisert, set også søkelyset på organisatoriske og bistandsmessige utfordringar som har vore hemmande for ein rask og samlande innsats av samfunnet sin beredskap i ein akutt- eller seinare forsterkningsfase.

Sivilforsvaret har i fleire tiår i stor grad vore prega av ei endring frå eitt krigstidssivilforsvar til eit anna og mindre, men spissa og nytt fredssivilforsvar.

Opphavleg var Sivilforsvaret ein hjelpeorganisasjon med første innsats knytt til verknadane av krigshandlingar. Reduksjon i mannskap, materiell og utstyrvolumet i så vel Forsvaret som Sivilforsvaret har dei siste 25 år vore dramatisk. Det har og skjedd i ei tid der det har vore fokus på fredsinnsett. Samstundes har det og vore ei rivande utvikling med spesialisering i naudetatane der støttefunksjonane frå Sivilforsvaret spesielt i dei største byane ikkje er like avgjerande, men kanskje meir viktig i ressursfattige område.

Utvalet tilrår m.a. at Sivilforsvaret sin krigsreserve på 8000 tenestepliktige som i lita eller inga grad har trening/utstyr skal leggest ned. Vidare vert det gjort framlegg om ei halvering frå 8000 til 4000 mannskap i den operative styrken (innsattsstyrke/fredsinnsettgrupper).

Ei anna interessant vurdering er om Sivilforsvaret skal inngå i Heimevernet med ansvar for sivilforsvarsoppgåvene, men dette vil ikkje utvalet tilrå. Beredskap knytt til befolkningsvarsel og tilfluktsrom er og eit opphavlege tiltak som framleis har ein viss aktualitet. Med manglande ressurstilgang kan og Sivilforsvaret nærma seg ei smertegrense, og ei overføring til den kommunale brann- og redningsetaten kan vera eit alternativ.

Politiresserven var tilbake i tid ein reell og viktig forsterkningskapasitet som no er tilrådd nedlagt. Det er ei tilråding som vi ikkje har innvendingar mot.

Heimevernet som statleg forsterkningsressurs har og gjennomgått ei omfattande struktur- endring og halvering av mobiliseringspliktig mannskap.

Nasjonalt risikobilde listar fleire større hendingar som er natur eller menneskeskapt der grunnberedskapen (naudetatane) må utløysa bistand frå statlege forsterkningsressursar (Sivilforsvaret og Heimevernet, i tillegg til sjø eller lufttransportstøtte frå forsvaret).

Utvalet peikar på at dei statlege forsterkningsressursane i større grad må øva saman i tillegg til at det og vert sett nærare på materiell og utstyrssamarbeid.

Fylkesmannen meiner at det bør sjåast nærare på om Sivilforsvaret skal få ei sterkare tilknytning til eller inngå i den kommunale brann- og redningsetaten i denne utgreiingsfasen. Her kan og ligga stordriftsfordelar knytt til utdanning, materiell og utstyr. Ein vil her og visa til den pågåande utgreiinga om brann- og redningsressursar som er venta i slutten av 2013.

Utover dette har ikkje Fylkesmannen ytterlegare innspel eller kommentarar til Forsterkningsutvalet si innstilling.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Vidar Simmenes
fung. fylkesberedskapssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.